



I SKRIVANDE STUND

Praktiske aktiviteter i arbeidet
med lese- og skrivestrategiar

Nasjonalt senter for skriveopplæring og skriveforskning

INNHALD:

1. Før skriving og lesing:

Tenkje med papir og blyant

side 4

Miniskriving. Startsetningar. Skrivestopp. Eit dikt frå eit dikt.

Kjøleskapspoesi. Tøyseforteljingar. Ordslange. Stafett.

Skrive for å utforske, reflektere og beskrive

side 9

Tankekart. VØSL-skjema. Quiz i grupper. Kven skal ut? Fleip eller fakta. Førlesingsloop.

2. Under skriving og lesing:

Skrive for å finne fokus

side 15

Spørjeord. Ta sjansen! Les og sei/skriv noko.

3. Etter lesing og som utgangspunkt for skriving:

Leike med fakta og rydde i tankane

side 17

Raudt kort/straffekort. Snorkort. Løp. Veggspel. Stafett. Finn ordet.

Øvebok/to-kolonnenotat. Inn i ringen. Strukturert tankekart. Styrkenotat og spoletekst.

Vennndiagram. Friformkart. Finn nokon som ... Boksskjema. Læringslogg.

Etterord

side 28

Referansar

side 31

Føreord

Kunnskapsløftet (K06) legg vekt på fem grunnleggjande ferdigheiter: å lese, å skrive, å uttrykkje seg munnleg, å rekne og å kunne bruke digitale verktøy. Dette heftet konsentrerer seg om strategiar for å utvikle dei språklege ferdigheitene, men med spesiell merksemd retta mot skriving. Lesing og skriving er like fullt prosessar som går hand i hand i ein læringsprosess, og det er vanskeleg å førestelle seg det eine utan det andre.

Heftet er meint å gi læraren eit repertoar av varierte undervisningsaktivitetar og opplegg som kan tilpassast ulike fag og situasjonar der det blir skrive. I tillegg er det meint å kunne tilpassast dei ulike elevane vi har i klassen, fordi elevane har behov for ulik form for støtte og rettleiing når dei skal utvikle seg som skrivarar.

Variert undervisning skapar motivasjon og er også eit viktig verktøy med tanke på tilpassa opplæring. Her finst aktivitetar som, forhåpentleg, vil gjere elevane motiverte og gi dei lyst til å lære. Heftet er meint som eit brukshefte der ein skal kunne finne gode læringsstrategiar som ein kan bruke som dei er, eller til inspirasjon for eigne idear.

Heftet inneheld oppgåver som kan skape skriveglede, og det er også forslag til stillas eller rammer for skriveoppgåver som kan hjelpe elevar som har redsle for «det store kvite arket», og som derfor ikkje kjem i gang med skrivinga si. I tillegg er det eigne aktivitetar der ein kan lære seg fagstoff gjennom varierte lese- og skrivestrategiar.

Vi har delt øvingane inn i tre grupper: det ein gjer før, under og etter arbeidet med ein tekst. Strategiane skal kunne brukast i alle fag, og er spesielt eigna til arbeid med fagtekstar. Det er viktig at læraren modellerer og viser korleis strategiane skal brukast, før elevane tar dei i bruk sjølve. Variasjon i val av læringsstrategiar er viktig, men samtidig bør kvar strategi brukast fleire gonger. Etter kvart kan elevane også velje strategiar sjølve. Gjennom systematisk arbeid med læringsstrategiar arbeider ein også systematisk med forståinga i faget. Derfor bør elevane arbeide med lesing og skriving i alle fag kvar dag.

Til slutt i heftet finn du eit etterord som set tipsa inn i ein skrivefagleg samanheng. Etterordet vil også vere til god hjelp i arbeidet med lesing, skriving og det å uttrykkje seg munnleg som grunnleggjande ferdigheiter i alle fag.

Lykke til!

Trondheim, den 20. oktober 2011

Tonje Lien Smedbråten



Tonje Lien Smedbråten
Trygve Kvithyl

Nasjonalt senter for
skriveopplæring og skriveforskning
Nynorsk utgåve © 2012
Første opplag 2012: 1 000 eks.

ISBN 978-82-93194-02-6 (trykt)
ISBN 978-82-93194-03-3 (pdf)

Layout: Tibe T reklamebyrå
Illustrasjonar: Ståle Gerhardsen



Før skriving og lesing Tenkje med papir og blyant

Tenkjeskriving er ei uformell, utforskande form for skriving der hovudføremålet er å reflektere, få idear eller å arbeide seg gjennom eit fagstoff. Det som er felles for alle desse tekstane, er at ein bruker skrivinga som ein tenkjereiskap der skriveprosessen er eit mål i seg sjølv, og ikkje sluttproduktet. I tillegg er det eit viktig trekk med desse tekstane at dei ikkje er retta mot andre lesarar enn skrivaren sjølv. Det handlar om å gi rom for nye tankar og idear, refleksjon og kreativitet, skaffe seg oversikt og sortere tankar, formulere seg gjennom idear, utan å ta større omsyn til ein mottakar. Poenget er at skrivaren skal sleppe å tenkje på sjangerkrav, rettskriving og form, men berre konsentrere seg om innhaldet og refleksjonen.

Sjølv om denne forma for skriving ikkje har ein mottakar i utgangspunktet, kan ein ofte få meir ut av skrivinga dersom teksten ikkje stoppar hos skrivaren, men blir brukt vidare, til dømes gjennom at han blir lesen opp for to–tre medelevar. Då får skrivaren «lyttarar til eigne tankar» og samtidig innblikk i tankane til medelevane sine.

Felles for oppgåvene som er foreslått under, er at dei kan gjerast til ein integrert del av undervisnings-situasjonen, dei treng ikkje ta så lang tid, dei knyter saman arbeid med skriving og arbeid med fag, og dei kan brukast som førebuing til både skriving og lesing.

Skrive seg inn i eit tema

Ein god strategi for å mobilisere forkunnskapane til elevane og førebu dei på eit bestemt tema er å få dei til å skrive seg inn i temaet for undervisninga. Skriveoppgåva kan for eksempel formulerast slik: «Skriv alt du kan komme på om ...» eller «Skriv alt du veit/trur du veit, og alt du vil vite om ...» Dersom temaet for undervisninga er islam, kan ein til dømes be elevane skrive ned alt det dei veit om denne religionen på 3–5 minutt. Dette er ein type tekst som eignar seg godt for å dele først med ein til to medelevar, og deretter velje ut noko som kan delast med heile gruppa. På denne måten blir tenkjeskivinga ein måte å arbeide seg inn i eit tema på, samtidig som ho dannar grunnlag for munnleg aktivitet i klassen.

Oppsummerande skriving

Ei innleiande skriveoppgåve kan godt kombinerast med oppsummerande skriving, der ein til dømes ber elevane om å svare på følgjande spørsmål: «Kva har du lagt spesielt merke til?» eller «Kva for tankar gjer du deg om ...?» eller «Er det noko du ikkje forstår?» Med ei slik skriveoppgåve blir elevane tvinga til å reflektere rundt kva dei sit att med etter at undervisningsøkta er ferdig, og på denne måten kan dei også skaffe seg gode notat til seinare bruk.

Skriv i veg!

Mange lærarar beskriv elevar som har skrivesperre. Som lærar må du finne ut kva som gjer at elevane manglar motivasjon for å skrive. Kjem det til dømes av manglande ferdigheiter eller at elevane treng tydelege rammer for skrivinga? Skrivesperre kan kome av at den kritiske sansen blir kopla inn for tidleg, og at skrivaren blir for opptatt av rettskriving. Elevane må få kjennskap til at ein ikkje legg vekt på rettskriving i den kreative fasen.

For å bli ein god skrivar må ein skrive, og derfor bør nokre minutt kvar skoletime settast av til skriving. Ved å leike med ord og danne nye, ukjente kombinasjonar kan ein glede seg over språket og skrivinga. Gjennom ulike skriveøvingar øver elevane opp evna til å førestelle seg figurar og handlingar, noko som er svært viktig i arbeidet med skjønnlitterære tekstar. Som lærar kan du velje å bruke desse skriveøvingane berre som ein variasjonsaktivitet, eller dei kan brukast som ein oppstartsaktivitet for å komme i gang med eit større skrivearbeid.

Skrive til eit bilete eller ei teikning

- Beskriv personen du ser på biletet/teikninga.
- Beskriv omgivnadene
- Kva tenkjer personen?
- Kvar skal personen?
- Kvar har personen vore?
- Kva gjorde personen i går?

Her kan ein også trekkje inn moglege konflikhtar og vendepunkt.

Miniskriving ut frå fagtekst

Mange elevar synest det er tungt å arbeide med fagstoff, og ikkje minst det å skulle ta stilling til og reflektere rundt innhaldet. Då kan ei kort skriveoppgåve med utgangspunkt i eit kapittel i ei lærebok eller eventuelt ein avisartikkel vere til god hjelp. Denne oppgåva kan til dømes formulerast slik: *«Ta utgangspunkt i noko i teksten som du synest er viktig, interessant, merkeleg, provoserande, noko du er skeptisk til, noko du ikkje forstår»,* osb., eller *«Eg synest dette er ... fordi ...».* Med ei slik formulering må elevane velje ut og grunngi det dei har valt ut, noko som opnar for refleksjon, spørsmål og undring. Dette er ei oppgåve som handlar om å skrive for å lære, samtidig som det kan vere ei førebuing til det å skrive ein fagtekst.

Startsetningar som utgangspunkt for skriving

Læraren kan sette i gang skrivinga ved å få elevane til å skrive ei eller fleire setningar som beskriv ein stad, ein person, ein gjenstand, ein konflikt osb. Desse setningane er eit godt utgangspunkt for å planleggje vidare skriving. Elevane bør få nokre minutt på kvart punkt før læraren introduserer neste punkt. Elevane kan vise tekstar til kvarandre. På den måten får elevane mange tips til vidare skriving.

«Skrivestopp» ved lesing av felles skjønnlitterær bok

Læraren stoppar høgtlesinga og får elevane til å skrive kva dei trur kjem til å skje vidare. Elevane får dele det dei trur kjem til å skje, før læraren les vidare i boka. Ved slik skriving kan læraren ha ulike fokusområde (handling, skildring, konflikt, ordval, tekstbinding e.l.).

Skape eit dikt frå eit dikt

Ein praktisk aktivitet for å komme i gang med dikt-skaping og skape skriveglede.

- Vel eit dikt og klipp frå kvarandre orda i diktet.
- Putt lappane i ein konvolutt.
- Gi elevane konvolutten og instruksjon om at dei skal lage eit dikt.
- Ikkje sei at du har klipt opp eit dikt.
- Elevane kan ta bort opp til fem ord og leggje til småord dersom dei treng det.

Etterpå viser du fram originaldiktet og skaper ein samtale der elevane til dømes kan samanlikne dei to dikta tematisk.

Kjøleskapspoesi

Kjøleskapspoesi er små magnetar med ord på. Gi elevane ein neve med slike magnetar og få dei til å skape dikt eller setningar ut ifrå orda dei har fått.

*lenge etter at vi
var glad i hverandre
og lenge etter*

*at vi ikke var glad
i hverandre skrev jeg
navnet ditt med blyant*


*på et hvitt lite viskelær
ikke større enn et
bringebærsukkertøy*

Jan Erik Vold

Tøyseforteljingar

Få elevane til å skrive ulike ord på små lappar. Dersom det er ønskjeleg, kan du spesifisere at dei berre skal skrive substantiv eller verb, eller berre ord som handlar om sommaren osb. Det finst mange variantar av denne aktiviteten.

- La elevane sitje i grupper. Førstemann trekkjer eit ord og byrjar å skape ei munnleg forteljing der ordet inngår. Etter ei stund seier leiaren stopp, og forteljinga går vidare til nestemann, som må trekkje eit nytt ord, halde fram med forteljinga og få med det nye ordet osb.
- Elevane trekkjer nokre lappar kvar og skal skrive forteljingar der orda inngår. Alternativt kan dei skape ei munnleg forteljing der og då.
- Oppgåva kan utvidast med at du spesifiserer sjanger – kriminalforteljing, kjærleikshistorie, opera ...



Skrive for å utforske, reflektere og beskrive

Læringsstrategiar kan brukast før eit tema for å sette i gang tankeprosessane, dei kan brukast undervegs for å beskrive og utforske, og dei kan brukast i etterkant for å organisere, hugse og fordøye ny kunnskap.

Ordslange


Begynn med eit ord. Nestemann tar ordet og legg til eit ord til for å skape eit samansett ord, nestemann tar siste del av det samansette ordet og lagar eit nytt ord. Hald på så lenge de greier. Kor lang blir slangen? Orda kan brukast vidare til ei forteljing eller liknande, eller aktiviteten kan berre vere ein lek med ord.

Skrivestafett

- Lag ei felles byrjing.
- Elevane skriv framhaldet på eit ark.
- Når leiaren gir signal, sender dei arket vidare, og ein ny elev held fram på forteljinga.
- Når signalet no kjem, skal eleven brette arket slik at berre det ho sjølv har skrive, er synleg når ho sender arket vidare.
- Ved nytt signal brettar ein over det førre elev skreiv, slik at det heile tida berre er det den siste eleven skreiv som kjem fram.
- Gi signal når avslutninga av forteljinga skal skrivast, og les opp tekstane i klassen til slutt.

Person, stad, ting

Skap nokre figurar, gjerne i samarbeid med elevane, som kan vere hovudpersonar i ei forteljing. Du avgjer sjølv kor spesifikke skildringane skal vere, eller du kan bruke ulike bilete. Gi elevane skildringane/bileta og be dei om å velje ut ein figur. Elevane skriv så ei skildring av figuren. Gjer det same med nokre plassar der forteljinga kan utspele seg. Plukk med deg ein heil haug med gjenstandar, det kan vere alt mogleg frå ei hårspenne til eit nøkkelknippe til ein ost. Gi kvar person ein gjenstand som dei skal flette inn i forteljinga si. Denne oppgåva kan varierast med at elevane får person, stad og ting frå byrjinga, eller at du spesifiserer at tingen til dømes skal vere mordvåpenet i ei forteljing. Aktiviteten kan gjerne brukast som oppstart til ei lengre økt med kreativ skrivning.



Tankekart

Tankekart er ein velkjent læringsstrategi som kan brukast ved introduksjon til eit nytt tema eller ei ny skriveoppgåve. Det ustrukturerte tankekartet fungerer som ei idémyldring der hovudet blir tømt for alle idear og tankar. Her er det ingen spesielle krav til struktur eller oppbygging. Det strukturerte tankekartet organiserer stoffet slik at element som høyrer saman, blir plasserte i same boble eller boks. Desse boblene kan igjen ha underkategoriar for tema som høyrer inn under hovudboblene. Dette skapar ei ryddig og god oversikt over temaet. Tankekartet er visuelt og hjelper spesielt visuelle elevar med å organisere og hugse fagstoff (jf. teoriar om ulike læringsstilar).

VØSL-skjema

Dette er ein notatteknikk som legg vekt på kva elevane veit, kva dei ønskjer å lære, og kva dei har lært når læringsaktiviteten er ferdig.

- Elevane lagar fire kolonnar på eit ark.
- Kolonne 1 er «Eg veit», kolonne 2 «Eg ønskjer å lære», kolonne 3 «Slik vil eg lære» og kolonne fire «Eg har lært».
- Elevane snakkar om kva dei veit frå før, og fyller inn i kolonne 1.
- Elevane finn ut kva dei vil lære, og fyller inn i kolonne 2.
- Elevane finn ut korleis dei vil lære og kor dei kan finne svar, og fyller inn i kolonne 3.
- Etter lesing/læringsaktivitet fyller elevane inn kva dei har lært, i kolonne 4.


VØSL-skjemaet er eit godt utgangspunkt for ei skriveoppgåve om temaet. Gjennom skjemaet har elevane fått rydda opp i «gammal» kunnskap og utvikla ny. Ved å bruke skjemaet som ein disposisjon, og då spesielt kolonne 1 og 4, kan elevane skrive ein fagtekst om temaet.

Eg veit ...	Eg ønskjer å lære ...	Slik vil eg lære...	Eg har lært ..

Ein av dei viktigaste faktorane som må vere til stades for at læring skal skje, er at elevane greier å knyte den nye kunnskapen saman med kunnskap dei har frå før. For å få til dette er det viktig å få fram bakgrunnskunnskapen, slik at dei er førebudde på aktiviteten som kjem. I denne fasen kan det også vere naturleg å introdusere nokre nye omgrep. Det å variere aktivitetane ein bruker for å få fram bakgrunnskunnskapen, vil i mange tilfelle verke motiverande på elevane.

Quiz i grupper

Ein quiz med svaralternativ for å få ein introduksjon til nytt stoff. Lag spørsmål med tre svaralternativ der eitt svar er riktig. Begynn med det generelle (bakgrunnskunnskap) og gå over i det meir spesifikke. Elevane sit i grupper og svarar saman. Kvar gruppe får tre ark med A, B og C på og held opp den bokstaven dei meiner representerer det riktige svaret.



Kven skal ut?

Ein konkurranse for å få ein introduksjon til nytt stoff. Kan også brukast som repetisjon. Elevane kan svare på oppgåva munnleg eller skriftleg, aleine eller i grupper.

- Finn tre personar/saker/ting som høyrer saman.
- Finn ein person/sak/ting som ikkje høyrer saman med desse.
- Finn bilete som representerer kvar av dei.
- Oppgåva blir å finne ut kven som skal ut, og kvifor.



KVEN SKAL UT?
Forfattaren Bjørnstjerne Bjørnson, forfattaren Knut Hamsun, forfattaren Henrik Ibsen eller forfattaren Sigrid Undset?

Svar: Alle bortsett frå Henrik Ibsen har fått Nobelprisen i litteratur, så Henrik Ibsen skal ut.



Fleip eller fakta / Ta sjansen!

Ein konkurranse som førebur elevane på teksten/ omgrepa som kjem. Kan anten utførast som ein fysisk aktivitet eller med papir og blyant.

- Lag «fleip eller fakta»-utsegner frå teksten/temaet
- **Variant 1**, Fleip eller fakta: Elevane står ved pultane sine. Du les opp ei utsegn. Dersom elevane meiner det er fakta, blir dei ståande, men meiner dei det er fleip, set dei seg ned på stolen.
- **Variant 2**, Ta sjansen!: Elevane får arket med utsegna og skal «ta sjansen» på om utsegna er fleip eller fakta.

De går ikkje gjennom kva som er riktig, elevane må sjølv finne svara i teksten etterpå og skrive ned dei riktige påstandane.


Påstand:	Fleip	Fakta
Hitler blei fødd i Berlin i 1889		
Mor til Hitler fekk kreft og blei behandla av ein jødisk lege		
Hitler hadde åtte sysken		
Hitler prøvde å komme inn på kunstakademiet i Wien, men fekk ikkje komme inn		
Hitler tente til livsopphald som kunstmålar i ein periode i ungdommen		
Hitler kom til makta i Tyskland i 1940		
Tyskland invaderte Polen 1. september 1939		
I løpet av krigen blei 6 millionar jødar drepne		
Slaget ved Stalingrad blei ein stor siger for Hitler		
Hitler leid av Parkinsons sjukdom		
Nokre av Hitler sine medarbeidarar prøvde å drepe han i eit attentat den 20. juli 1944		
Hitler blei avretta i rettsoppgjeret etter krigen		

Førlesingsloop

Dette er eit spel med spørsmåls- og svarkort. Elevane får førebudd seg på nokre omgrep og tydinga av desse før dei går inn i sjølv tekst.

- Lag spørsmål og svar til temaet. Det er viktig at både spørsmål og svar er tydelege (gjenta spørsmålet i svaret).
- Skriv eit spørsmål nedst på eit kort, skriv svaret øvst på neste kort og det neste spørsmålet nedst på same kortet osv. Svaret på det siste spørsmålet i loopen skriv du øvst på kortet med det første spørsmålet.
- Elevane fordeler korta mellom seg. Gi beskjed viss du vil at eit spesielt spørsmål skal starte. Elevane legg ut korta i rekkjefølgje ettersom dei svarar. Har dei gjort det riktig, vil alle korta til slutt liggje på bordet, og dei finn svaret til det siste spørsmålet på kortet med det første spørsmålet.
- Loopen kan lett endrast til ein etterlesings-/ repetisjonsloop ved å ta bort spørsmåls-formuleringane i svara (sjå understrekingar i dømet).
- Med litt øving kan elevane lage slike loopar sjølv.
- Omgrepa frå loopen er eit godt utgangspunkt for ei skriveoppgåve. Gjennom å kjenne definisjonane av ulike omgrep kan elevane skrive ein fagtekst om emnet.

Svar: Alle kart er unøyaktige <u>fordi det er umogleg å overføre jorda si kuleform til eit flatt kart.</u>	Svar: Globusen er delt inn i breiddesirklar og meridianar <u>fordi desse til saman dannar eit gradnett som gjer at vi kan gi nøyaktig posisjon for alle punkt på jorda.</u>
Spørsmål: Kva for ein fasong har jordkloden?	Spørsmål: Korleis ligg polpunkta i forhold til ekvator?
Svar: Jordkloden har same fasong som ei <u>kule.</u>	Svar: Polpunkta ligg på <u>90° N og 90° S frå ekvator.</u>
Spørsmål: Kva er ein globus?	Spørsmål: Kva er 0-meridianen?
Svar: Ein globus er ein <u>forminska modell av jordoverflata.</u>	Svar: 0-meridianen er <u>den meridianen som går gjennom Greenwich-observatoriet i London.</u>
Spørsmål: Kva er ekvator?	Spørsmål: Kor mange grader austover og vestover kan vi dra?
Svar: Ekvator er ein <u>tenkt ring som deler jordkloden i to halvkuler.</u>	Svar: Vi kan dra <u>180 grader austover og 180 grader vestover (til saman 360 grader).</u>
Spørsmål: Kva heiter dei to halvkulene jorda er delt i?	Spørsmål: Kva viser målestokken på eit kart?
Svar: Dei to halvkulene jorda er delt i, heiter <u>den nordlege og den sørlege halvkula.</u>	Svar: Målestokken på eit kart viser oss forholdet mellom ein <u>avstand vi måler på kartet, og den same avstanden i røynda.</u>
Spørsmål: Kva er ein breiddesirkel?	Spørsmål: Kva betyr målestokken 1 : 50000?
Svar: Ein breiddesirkel er ein <u>sirkel på globusen som ligg parallelt med ekvator.</u>	Svar: Målestokken 1 : 50000 betyr at <u>1 cm på kartet er 50000 cm (= 500 m) i røynda.</u>
Spørsmål: Kva er ein meridian?	Spørsmål: Eit kart har målestokken 1 : 5000 og eit anna kart har målestokken 1 : 100000. Kva for kart viser det største området?
Svar: Ein meridian er ein <u>sirkel på globusen som går frå nordpolen til sørpolen.</u>	Svar: Kartet med målestokken <u>1 : 100000</u> viser det største området.
Spørsmål: Kvifor har vi delt inn globusen i breiddesirklar og meridianar?	Spørsmål: Kvifor er alle kart unøyaktige?



Under skriving og lesing

Skrive for å finne fokus

Det er viktig å vere aktiv i alle ledd av læringsprosessen. Gjennom bruk av ulike læringsstrategiar også undervegs i arbeidet med ein tekst kan ein i større grad handsame den informasjonen ein arbeider med. Læringsstrategiane fungerer også som struktureringsverktøy.

Les med fokus: Spørjeord

Ein lese-teknikk for å halde fokus under leseaktiviteten og konsentrere seg om ein ting.

- Elevane sit i grupper.
- Kvar elev får eit kort med eit spørjeord og har dermed fått oppgåva si og fokuset sitt for lesinga.
- Medan elevane les, noterer dei ned stikkord og/eller setningar som svar på spørsmålet sitt.
- Når teksten er lesen ferdig, fortel kvar elev, med utgangspunkt i spørjeordet sitt, kva dei har funne ut. Elevane kan her velje å skrive ned det som blir fortalt, eller berre lytte.
- Elevane kan bruke informasjonen dei har fått frå dei forskjellige deltakarane på gruppa, til å skape ein fagtekst saman eller individuelt. Spørjeorda fungerer då som ei sjekkliste over om dei har fått med det viktigaste. Dei kan også ha ein tenkjeskrivings-aktivitet slik som det er forklart tidlegare i heftet.
- Bruk dei ulike spørjeorda til å differensiere (*når* er til dømes enklare enn *kvifor*).
- Lesesenteret (www.lesesenteret.no) har forslag på rollekort som kan brukast både til skjønnlitterære tekstar og fagtekstar.

Les med fokus: Ta sjansen!

Dette er ein lese-teknikk for å få fokus under leseaktiviteten. Elevane leiter etter om svara deira frå «Ta sjansen!» (sjå *Før lesing/skriving*, side 12) er riktige eller galne, og rettar fleipeutsegnene før dei skriv dei ned.

Kven?	Kva?	Når?
Kvar?	Kvifor?	Korleis?

BISON-blikk

Denne aktiviteten er ein hugseregulering for korleis ein kan førebu seg på innhaldet i ein tekst før ein begynner å lese. Lesaren får eit overblikk over teksten, han får aktivert bakgrunnskunnskap og er «påkopla» før sjølve leseaktiviteten begynner. Sjå på og snakk om:

- B** – bilete/illustrasjonar
- I** – ingress/innleiing
- S** – slutt/samandrag/siste avsnitt
- O** – overskrifter
- N** – NB-ord

Gjer dette saman med elevane dei første gongene, så kan elevane gjere det i par eller grupper, før dei etter kvart også kan gjere det individuelt. Etter ein runde med *BISON-blikk* kan elevane ha ein tenkjeskrivings-aktivitet der dei skriv ned noko av det dei har fått med seg. Etter dei har lese sjølve teksten, bør dei gå tilbake til tenkjeskrivinga si og sjå om teksten handla om det dei trudde på førehand.



Les og sei/skriv noko

Det er ein teknikk for å ha fokus under leseaktiviteten og formulere eigne tankar om det som blir lese, anten munnleg eller skriftleg eller begge delar.

- Elevane sit i grupper.
- Ein elev les eit avsnitt.
- Eleven til høgre seier noko om det avsnittet som nett har vorte lese, eller alle elevane skriv noko om det som nettopp har vorte lese, før dei deler det dei har skrive, i plenum.
- Bruk gjerne startorda under.
- Slik held elevane fram til dei har lese ferdig teksten.

Lag andre reglar dersom nokre elevar er svært usikre på det å lese høgt for med-elevane sine. Dersom dei ikkje vil lese, bør dei uansett seie/skrive noko om det dei andre les.

- *Det handlar om...*
- *Eg har lært/hørt at...*
- *Det står i boka at ...*
- *Eg tenkjer/trur at ...*
- *Eg lurar på kvifor ...*
- *Eg trur hovudideen er...*
- *Det var rart at ...*
- *Det var spennande at ...*

Etter lesing og som utgangspunkt for skriving

Leike med fakta og rydde i tankane

Dei ulike læringsstrategiane skal gjere elevane betre rusta til å hugse fagstoffet. Etter ein har lese ferdig ein tekst, er det viktig å organisere og reorganisere kunnskapen sin. For å forstå fagstoffet er det mellom anna svært viktig å øve på fagomgrep. Det å arbeide med omgrep vil gjere elevane betre rusta til å forklare fagstoffet munnleg og skriftleg seinare. Fysiske eller praktiske oppgåver med eit element av konkurranse vil i mange tilfelle verke motiverande for elevane. Når elevane lagar sitt eige materiell, må dei øve seg på å forklare omgrepa, noko som aukar forståinga deira.

Raudt kort / Straffekort

Det er eit spel som eignar seg til å øve faktakunnskap. Konkurranse skapar motivasjon og engasjement.

- Lag spørsmål/svar til eit tema – skriv dette på same side på eit kort av papp. Her kan ein også bruke omgrep med definisjonar, eller glosar med omsetjing osv.
- Like mange spørjekort blir hengde i kvar sin ende av ei snor med eit straffekort i midten.
- Før spelet tar til, avtalar deltakarane «straffa» (ti armhevingar, syngje «Forelska i lærer'n» til læraren, springe rundt skolen ...)
- Per les opp det første spørsmålet på sin ende av snora. Dersom Kari svarar riktig, hoppar Per inn til neste kort. Dersom Kari svarar feil, blir Per ståande og skal stille det same spørsmålet når det er hans tur igjen. Per og Kari stiller spørsmåla annankvar gong.
- Den som først tar i straffekortet, har ikkje klart oppgåvene sine og må dermed utføre straffa.
- Gjennom øving på sentrale omgrep og spørsmål frå temaet står elevane betre rusta til å formulere seg i ei skriveoppgåve seinare.
- Elevane kan med litt øving lage korta sjølve.



Snorkort

Dette er ei taktil oppgåve som er godt eigna til læring av omgrep.

- Klipp ut eit stykke kartong og klipp like mange hakk på kvar av langsiden.
- Skriv spørsmål/omgrep på den venstre langsida.
- Skriv svara/forklaringane hultar til bultar på den høgre langsida.
- Fest ein hyssing i kartongen.
- Trekk tråden frå baksida og inn i det øvste hakket på venstre side. Trekk tråden til svaret på den høgre sida. Trekk tråden til det andre hakket på venstre side osv.
- Hugs at du teiknar på fasiten på baksida etter du har gjort oppgåva riktig ein gong.
- Dersom du har gjort oppgåva riktig, vil tråden dekkje strekane du har teikna opp som fasit.



Løp

Ei fagleg postløype som er godt eigna til elevar som treng rørsle.

- Lag spørsmål som du skriv på store ark.
- Avtal med elevane kvar postane skal henge. Skriv oversikta på tavla.
- Send elevane ut i løypa, dei går frå post til post for å svare på spørsmåla. Kan dei ikkje svaret, må dei innom klasserommet for å slå opp svaret eller snakke med læraren.



Veggspel

Ein konkurranse som er godt eigna til stoff som kan delast inn i ulike kategoriar.

- Kategoriane blir skrivne på store ark, og arka blir hengde opp på veggen.
- Lag oppgåver der svaret alltid er i ein av kategoriane.
- Ein elev les oppgåva.
- To eller fleire elevar har kvar si flugesmekke og forsøker å slå fortast mogleg på riktig kategori.

Døme: Elevane skal lære seg skilnader på den katolske, den ortodokse og den lutherske kyrkja. Skriv dei tre omgrepa på store ark, og lag utsegner som passar på berre ein av kategoriane. Du kan også skrive utsegner som passar på to av kategoriane, og la elevane bruke handflatene eller to flugesmekker til å slå med.

Stafett

Ein motiverande og aktiv lagkonkurranse.

- Lag gjerne oppgåver med tre svaralternativ, noko som er enklare for læraren å administrere.
- Deltakarane står på den eine enden av banen. Instruksjonsarka ligg opp ned framfor dei. Oppgåva, eitt ark pr. gruppe, ligg på den andre enden av banen der læraren står.
- Deltakaren trekkjer eit instruksjonsark, spring over banen medan han utfører instruksjonen.
- Deltakaren ser på første spørsmål og bestemmer seg for om a, b eller c er rett. Han går til læraren og seier «1a». Lærar nikkar dersom det er rett, og eleven set ein ring rundt 1a, spring tilbake og sender ut nestemann på laget. Dersom svaret er feil, skriv han ingenting og spring tilbake og sender ut nestemann, som også må svare på oppgåve 1.
- Laget som først har svart riktig på alle oppgåvene, vinn.

Døme på instruksjonar:

- *Snurr rundt ti gonger før du spring*
- *Spring med høge kneløft og klapp hendene over hovudet*
- *Spring baklenges*
- *Hink på eitt bein*
- *Hopp med samla bein*
- *Gå med museskritt*

Finn ordet

Eit lagspel der elevane får øvd seg på å forklare omgrep.

- Lag ein tabell i Word og skriv inn dei nye fagomgrepa elevane skal lære.
- Klipp frå kvarandre lappane.
- Elevane bør jobbe med omgrepa i forkant og skrive ned forklaringar/definisjonar.
- To og to elevar spelar mot kvarandre. Lag 1 begynner. Lag 2 set stoppeklokka på eitt minutt. Spelar A på lag 1 trekkjer ein lapp og forklarar ordet på lappen, utan å seie ordet. Spelar B på lag 1 gjettar. Når han har rett, trekkjer spelar A ein ny lapp osb. Det er om å gjere å klare så mange omgrep som mogleg i løpet av eitt minutt. Etterpå er det lag 2 sin tur. Neste gong det er lag 1 sin tur, er det spelar B som forklarar og spelar A som gjettar.
- Understrek at forklaringane skal vere faglege og relevante!

Døme på omgrep:

Tema: Film		
Action	Anslag	Animasjon
Dreibok	Manus	Kronologi
Panorering	Avtoning	Kryssklipping
Storyboard	Regissør	Dokumentar

Tema: Sakprosa		
Ingress	Påstand	Kjelde
Avsnitt	Temasetning	Motargument
Sirkelkomposisjon	Argument	Kommentarsetning
Objektiv	Disposisjon	Relevant

Tema: Andre verdskrig		
Lynkrig	Dei allierte	Kamikazeangrep
Aksemakt	Konsentrasjonsleir	Ekspansjon
Invasjon	Holocaust	Getto
Okkupasjon	Kapitulasjon	Arisk

Øvebok/to-kolonnenotat

Dette er ein notatteknikk der elevane må definere og formulere innhaldet i ulike omgrep. Etter dei har jobba med omgrepa, kan dei bruke øveboka til å teste seg sjølv eller andre.

- Brett eit ark og klipp den eine delen til små luker.
- Skriv omgrepet på framsida av luka og forklaringa inni. I eit tokolonnenotat skriv du forklaringa ved sida av omgrepet.
- Bruk omgrepa og forklaringane som utgangspunkt for ein fagtekst. Då får elevane også øving i korleis dei set omgrepa i samanheng med kvarandre.

Inn i ringen

Ein aktivitet der elevane må seie noko om kva dei har lært, og lytte til dei andre.

- Alle står i ein ring. Ein etter ein tar eit skritt fram og seier noko som dei har lært om temaet. Alle skal seie noko, og det er lov å seie det same som nokon andre.
- Læraren kan eventuelt skrive ned det som blir sagt, eller elevane kan skrive referat av øvinga etterpå.

Strukturert tankekart

Det strukturerte tankekartet organiserer stoffet slik at element som høyrer saman, blir plasserte i same boble eller boks. Dette skapar ei ryddig og god oversikt over temaet og er dermed eit godt utgangspunkt som disposisjon for ein fagtekst. Dersom kvar boble eller boks også blir nummerert etter når dei skal komme i teksten, vil dette bli ei oppskrift som blir enkel for elevane å følgje, fordi dei veit rekkjefølgja på det dei skal skrive om.

Disposisjon og skrivemalar

Etter at elevane har arbeidd med fagstoffet på ulikt vis, skal dei ofte arbeide vidare med kunnskapen i ein fagtekst der dei både skal vise fagkunnskap og evne til å reflektere og utforske vidare. For å kunne skrive ein god tekst er dei fleste avhengige av ein god disposisjon som set rammer for skrivinga. Omarbeiding og disponering av fagstoffet i fleire omgangar vil også gjere at ein fjernar seg frå originalkjeldene og heller formulerer seg meir med eigne ord. Dette er viktig når det gjeld å bruke kjelder riktig, men det er også ein føresetnad for å kunne bruke fagkunnskapen i eigne refleksjonar. Ein del elevar treng støtte med tanke på korleis dei kan byggje opp teksten. Stadig modellering og støtte undervegs i prosessen kan hjelpe desse elevane til å strukturere tekstane sine betre.

Styrkenotat og spoletekst

Eit styrkenotat fungerer på same måte som eit strukturert tankekart, men i styrkenotatet er dei ulike nivåa sette opp i listeform i staden for i ei visuell utforming. Styrkenotatet er ei ordna liste der hovudideen er styrke 1, medan detaljane er styrke 2 og 3 osv. Det er ofte ei smakssak om elevane ønskjer å bruke det strukturerte tankekartet eller styrkenotatet, men elevane bør få opplæring i begge slik at dei sjølve kan velje den læringsstrategien dei finn mest hensiktsmessig. Spoleteksten tar gjerne utgangspunkt i det strukturerte tankekartet eller styrkenotatet. Spoleteksten er eit godt hjelpemiddel når elevane skal lære å skrive fagtekstar eller argumenterande tekstar, og fungerer som ei oppskrift eller ein disposisjon for teksten. Tar ein utgangspunkt i styrkenotatet, blir spoleteksten bygd opp slik:


- Innleiing:**
- styrke 1 + 2 + 2 + 2 + 2
- Hovuddel:**
- styrke 2 + 3 + 3 + 3
 - styrke 2 + 3 + 3 + 3
 - styrke 2 + 3 + 3 + 3
- Avslutning:**
- styrke 1 + 2 + 2 + 2

Når elevane meistarar sjangeren, treng dei ikkje lenger spoleteksten, men i ein startfase av opplæringa kan spoleteksten fungere som ei trygg ramme rundt skrivinga.



Venndiagram

Ein skriveaktivitet der elevane må kunne samanlikne to element/saker.



- Lag to sirkclar som delvis overlappar kvarandre.
- Elevane fyller ut sirklane med kva som er likt (der det overlappar) og ulikt (resten av dei to sirklane).
- Venndiagrammet er eit godt utgangspunkt for ein argumenterande tekst der ein kan drøfte dei to elementa opp mot kvarandre. Diagrammet kan fungere som ein disposisjon ved at ein først skriv om det som er unikt for kvart av elementa. Til slutt samanliknar ein dei, eller ein kan gjere det undervegs.

Friformkart

Ein teikne-/notattekniikk der elevane får handsama stoffet og trekt ut den viktigaste informasjonen.

- Elevane teiknar notat (strekmen, symbol osv.) frå det dei har lese
- Teikningane må ikkje vere forstålege for utanforstå- ande, berre teiknaren sjølv må forstå kva han meiner.
- Med støtte i friformkartet skal elevane kunne fortelje munnleg og skriftleg om det dei har lese. Friformkartet fungerer då som ein disposisjon.

Finn nokon som ...

Ein aktivitet der elevane må forklare med eigne ord og samtidig er fysisk aktive.

- Lag spørsmål om det elevane skal kunne etter dei har lese teksten.
- Elevane går rundt i klasserommet og spør kvarandre. Når dei har fått svar, må eleven som har forklart, signere.
- Bruk arket som ein skrivemal etterpå. Kvar av rutene kan då bli avsnittet i ein tekst, og den første kolonnen kan gjerast om til setningsstartarar.

Finn nokon som kan...	Bevis/Forklaring	Signatur
... seie tre ting om Hitler sin oppvekst og/eller familie	1. 2. 3.	
... forklare kva som ligg i Hitler sin rasepolitikk, og kvifor denne politikken fekk store konsekvensar for jødane i Europa	Kva? Kvifor?	
... seie tre ting som kjenneteikna krigføringa mellom Tyskland og Storbritannia	1. 2. 3.	
... seie tre ting som kjenneteikna krigføringa mellom Tyskland og Storbritannia	Kva? Kvifor?	
... fortelje om dei siste dagane til Hitler og korleis han døydde	Kva skjedde? Korleis døydde han?	

Boksskjema

Ein notattekniikk der elevane sjølve må formulere og skrive ned det dei ser på som viktigast frå kvart tema.

- Del eit A3-ark i fleire ruter/boksar. I midten skriv du ned hovudtemaet. I rutene rundt skriv du inn undertema.
- Elevane fyller ut skjemaet med stikkord, omgreps- forklaringar, teikningar, figurar osv.
- Dersom ein legg ned litt arbeid i skjemaet, er det fint å bruke til repetisjon og som utgangspunkt for skriveoppgåver. Kvar rute i skjemaet kan då bli til eit avsnitt i ein tekst, og skjemaet fungerer som ein disposisjon.

Sola og fusjon	Planetar, stjermer, satellittar	Galaksar	Gravitasjon og ellipsebane
Fordjupingsoppgåva di	UNIVERSET		Årstidene
	Big Bang og mørk energi	Flo og fjøre	Måne- og solmørking

Læringslogg

Omgrepet «logg» blir ofte brukt som ei fellesnemning på alle typar uformell skriving, og i likskap med andre former for tenkjeskriving er ikkje føremålet med logg-skriving at skrivinga skal vurderast, verken når det gjeld innhaldet eller språket. Ein kan bruke logg for å skrive ned faglege refleksjonar i etterkant av ein aktivitet, både individuelle aktivitetar og gruppeaktivitetar.

Loggen gir rom for refleksjon og ettertanke, samtidig som han også kan vere eit grunnlag for dialog mellom elev og lærar dersom loggen blir levert inn. Han kan gi dokumentasjon på eleven si faglege utvikling, og han bidreg til å gi eit metaperspektiv på læringa. Gjennom å skriftleggjere erfaringane og tankane sine har ein moglegheit til å gå tilbake og studere si eiga utvikling og læring.


Føremålet med ein logg kan oppsummerast med tre hovudfunksjonar:

- å ta vare på inntrykk, observasjonar, episodar og liknande frå undervisningsaktivitetane
- å danne grunnlag for refleksjon
- å vere til hjelp i eigenvurdering

For å få best mogleg utbytte av loggskrivinga kan det vere nyttig å dele han inn i to fasar, den spontane og den reflekterte loggen. Ofte vil ein rett etter noko har

skjedd, ha behov for å skrive det ned, rett og slett for å hugse det. I den første fasen er fokus gjerne på å dokumentere og beskrive, og notata kan ofte vere ustrukturerte og lite reflekterte. Men seinare, til dømes mot slutten av dagen eller etter at ein har avslutta eit større arbeid, kan ein gå tilbake til den spontane loggen og velje ut noko ein vil konsentrere seg om, fordjupe seg i og skrive vidare om i ein reflektert logg.

Reint praktisk kan dette organiserast ved at ein har eit todelt ark med ei side for spontanloggen og ei side for refleksjonar knytte opp til denne, noko som gir oversikt over begge nivåa og gjer det mogleg å gå tilbake og sjå samanhengane. Mellom desse to fasane kan også lærar og medelevar komme med innspel og spørsmål som ein kan ta utgangspunkt i når ein arbeider med den reflekterte loggen.



Etterord

Kva er det vi gjer når vi skriv?
Kva er hensikta med dei ulike skriveoppgåvene vi gir i skolen?

Dei siste tiåra med skriveforskning, der det har blitt lagt større vekt på skriveprosessen enn sjølve sluttproduktet, har bidrege til større innsikt i kva vi faktisk gjer når vi skriv. Korleis planlegg, formulerer og omarbeider vi tekstane våre? Er skriveprosessen lik for alle, eller bruker vi ulike skrivestrategiar? Vi vil prøve å oppsummere noko av kunnskapen vi har om korleis vi ter oss når vi skriv. Dette er vital kunnskap for planlegging og tilrettelegging av opplæringa, og vi trur også det er viktig at denne kunnskapen blir eleven sin kunnskap for at eleven i større grad skal kunne følgje med på si eiga skriveutvikling.

Gode tekstar blir sjeldan skrivne rett ned, dei er omarbeidde fleire gonger. Dette er ei viktig innsikt elevane bør få så tidleg som mogleg i skriveutviklinga si, spesielt fordi det på mange måtar strid mot korleis mange elevar trur ein utviklar skriveferdigheit. Målet for skriveopplæringa er altså ikkje at eleven skal kunne skrive ned ein tekst som ikkje treng omarbeiding. Jo meir erfaren ein blir som skrivar, jo fleire gonger reviderer ein tekstane sine. Elevane treng hjelp til å utvikle det vi med fagterminologi kallar revisjonskompetanse. For å utvikle revisjonskompetanse må det skapast ei forståing for at skriveprosessen består av ulike fasar. Skriveprosessen blir innleidd med ein planleggingsfase eller idéfase og endar forhåpentlegvis med ein ferdigstillingsfase. Mellom desse ytterpunkta er det ei veksling mellom kreative fasar (der ein produserer tekst) og analytiske fasar (der ein les gjennom og reviderer). Elevane treng ulik støtte avhengig av om dei er i idéfasen, revisjonsfasen eller ferdigstillingsfasen.

Mange av tipsa i dette heftet er forslag til undervisningsaktivitetar der elevane kan arbeide konkret med ulike delar av skriveprosessen. Tipsa er organiserte etter ein tredelt modell; det ein gjer før, under og etter arbeidet med ein tekst.

Som skrivarar nyttar vi ulike skrivestrategiar. Nokre skrivarar er i stand til å utarbeide ein disposisjon som dei i grove trekk følgjer når dei utformar teksten sin, medan andre skrivarar ikkje greier å førestelle seg korleis teksten vil bli, før dei skriv han. Både planleggjaren og kaosskrivaren finst i kvar enkelt klasse, og mange elevar vil opphalde seg mellom desse ytterpunkta. I nokon grad kan elevane øvast opp i å planleggje tekstane sine, og elevar som har utvikla eit repertoar av skrivestrategiar, står betre rusta til å variere strategiane til ulike skriveføremål. Skrivestrategiar varierer ikkje berre frå person til person, men er også avhengige av kva ein skal skrive, kor mykje tid ein har, kven som skal lese det – altså kva for ein skrivesituasjon ein er i.

Eit anna viktig moment for skriveopplæringa som vi vil trekkje fram her, er at alle som skriv, opplever periodisk skriveblokkering. Skriveblokkering er normalt! Det er ikkje noko som berre rammar den uerfarne skrivaren eller berre noko “eg slit med”. Tipsa i heftet kan vere til hjelp for å arbeide med skrivinga undervegs gjennom varierte og strukturerte oppgåver. På den måten vil elevane øve opp strategiar slik at dei kan overvinne den handlingslamminga vi alle kan kjenne i møtet med det store kvite arket som skal fyllast med tekst.

I heftet har vi samla fleire tips til korleis vi som lærarar kan lage varierte og meningsfulle skriveoppgåver for elevane. For at ein skrivesituasjon i skolen skal opplevast som meningsfull, er det viktig at læraren har tenkt grundig gjennom oppgåva som elevane får: det inneber for det første at ein har reflektert over kva som er føremålet med oppgåva, og for det andre korleis dette skal kommuniserast til elevane. Eit didaktisk hjelpemiddel for å reflektere over ulike skrivesituasjonar i skolen, er den såkalla skrivetrekanten. Han er utvikla av forskarar i SKRIV-prosjektet (Smidt 2008, 2010), og han deler skrivning inn i tre aspekt – føremål, innhald og form – og illustrerer samanhengen mellom dei.

Skrivetrekanten er utvikla med autentiske skrive-situasjonar som førebilete, og når vi skriv utanfor skolen – altså ikkje med opplæring som mål – så har skrivning alltid eit føremål. Vi skriv fordi vi har behov for å skrive, og ofte er dette kommunikative føremål. Anten vi skriv eit klagebrev på busstilbodet der vi bur, eit referat etter eit møte i foreldrerådet eller ei tekstmelding til ein venn, er dette tekstar med eit reelt kommunikativt innhald mynta på autentiske lesarar. Mykje av den skrivinga vi driv med i skolen, manglar denne autentiske, kommunikative hensikta. SKRIV-forskarane slår fast at tekstens føremål har vore underkommunisert i skriveopplæringa. Dette handlar om spørsmål som:

- Kvifor skriv eleven denne teksten?
- Kva skal han brukast til?
- Kven skal lese han?
- Korleis skal han vurderast?

For dei fleste tekstar som blir skrivne i skolen, er læraren mottakar, men i nokre tilfelle kan det vere hensiktsmessig å iscenesette skrivesituasjonar med andre mottakarar. Det kan blant anna opplevast som lite meningsfylt å skrive om eit tema læraren er ekspert

på. Då får læraren ei dobbeltrolle, både som mottakar av tekstens innhald og samtidig som ekspert og vurderar av det same innhaldet. For å unngå dette kan elevane få oppgåver som å:

- skrive brev til ein spesiell person, firma eller offentlig instans (f.eks. eit klagebrev når bussen ikkje kjem)
- forklare eit fagleg tema for andre elevar, gjerne til yngre elevar som ikkje har like mye kunnskap som skrivaren
- skrive lesarinnlegg til lokalavisa eller skoleavisa om noko som engasjerer elevane
- publisere innlegg til ei gruppe eleven følgjer på Twitter, Facebook eller andre sosiale medium.
- publisere teksten i klasserommet for dei andre elevane, anten munnleg eller skriftleg

Med slike oppgåveformuleringar får teksten ein autentisk mottakar og skrivehandlinga eit tydeleg definert føremål. Dette kan bidra til å unngå såkalla tomgangstekstar, det vil seie tekstar som ikkje kjem av flekken, tekstar som berre møter ein lesar, og som hamnar i skolesekken eller læraren si skuff. Elevane må også få kjennskap til kva som skal skje med sluttproduktet. Nokre gonger skriv vi for å reflektere og få tankane ned på papiret, og ikkje for at nokon andre skal lese teksten vår. I slike skrivesituasjonar er det unaturleg for elevane å skrive til eksterne mottakarar, og det må dei vite når dei startar skrivinga si.

Innhaldet i teksten har samanheng med føremålet med teksten, det vil seie kven som er mottakar av teksten, kvifor eleven skriv teksten og kva han skal brukast til. For å skrive ein god tekst, og for at skrivinga skal opplevast som meningsfull, er det til stor hjelp at eleven får ei tydeleg og avgrensa oppgåve. Elevane må også hjelpast til å få eit relevant innhald gjennom å aktivere tidlegare kunnskap og tileigne seg ny, til



Skrivetrekanten

dømes gjennom ulike førskrivingsaktivitetar og hjelp til å leite i kjelder.

Eit døme på ei oppgåve som er tydeleg avgrensa, og som mange elevar kan ha noko å seie om, er dersom ein etter eit besøk i ein dyrehage får følgjande oppgåve: «Argumenter for eller imot at dyr kan haldast i bur.» For at elevane skal ha noko å skrive om, er det viktig at ein samtalar om dei inntrykka ein fekk under besøket, før elevane set i gang med å skrive. Denne oppgåva er god fordi ho er knytt til ein førskrivingsaktivitet: ho er spesifikk, inviterer skrivaren til å ta standpunkt, samtidig som det er eit tema som kan engasjere elevane. Eit anna viktig moment er at dette er ei oppgåve som ikkje

har ein eintydig fasit som berre læraren har: det er ikkje berre eitt riktig svar, noko som gjer at læraren fungerer som ein relevant mottakar av teksten. Til ei slik oppgåve kan ein også definere andre autentiske mottakarar som elevane kan vende seg til, til dømes kan elevane bli bedne om å skrive eit brev der dei argumenterer for sitt syn, til dyrehagen, til dyrevernsaktivistar eller til politikarar. Denne typen argumenterande skrivning kan brukast på dei fleste trinna i skulen.

Den tredje sida av trekanten, teksten si form, handlar ikkje om rigide sjangerkrav, men om å gi elevane førebilete og mønster for korleis dei skal skrive tekstane sine. Elevane treng kunnskap om ulike sjangrar, både

Referansar

forteljande tekstar og argumenterande tekstar. Barn blir tidleg kjende med ulike former for forteljingar, men vi kan ikkje forvente at elevar på barnetrinnet veit korleis ein argumenterande tekst ser ut. Elevane må derfor få hjelp til å sjå kva slags form ein slik tekst kan ha. Nokre har kanskje opplevd at ei einsidig vektlegging av form og sjangerkrav kan vere negativt avgrensande og hemme kreativiteten, så det er derfor viktig at ein viser dei ulike moglegheitene som finst innanfor dei ulike formene for skriving, i staden for å leggje vekt på dei normative grensene.

For å bli gode skrivarar er det viktig at elevane både les mykje og samtalar om tekstar. Desse samtalane bør ta utgangspunkt i både innhaldet i og forma til teksten. Bruk av eksempeltekstar og modellering er god hjelp for alle. Svake skrivarar er meir avhengige av og følgjer

ofte eksempeltekstane meir slavisk, medan meir erfarne skrivarar i større grad er i stand til å lausrive seg frå mønster og vere kreative. Forma på teksten står i eit samspel med føremålet til og innhaldet i teksten.

I dette heftet er det samla ei rekkje aktivitetar med lesing, skriving og munnlege aktivitetar som kan bidra til variert undervisning som tar sikte på å utvikle tekstkompetansen til elevane. Tipsa kan brukast som dei er, eller dei kan tilpassast ulike fag og undervisningssituasjonar der det blir lese, snakka og skrive. Utviklinga av elevane sin tekstkompetanse er noko av det viktigaste vi driv med i skolen. Den breie tekstkompetansen er ein tilgangskompetanse: ikkje berre er det er ein føresetnad for all læring i skolen, det er også ein føresetnad for deltaking i arbeidslivet og for deltaking i samfunnet.

Trondheim, den 20. oktober 2011
Trygve Kvithyld

Bøker:

Birkenes og Østensen (2006):
Underveis. Geografi 8.
Oslo: Gyldendal Norsk Forlag

Blichfeldt, Heggem og Larsen (2006):
Kontekst 8–10 Basisbok.
Oslo: Gyldendal Norsk Forlag

Bunting og Lund (2006):
Mill – Mange Intelligenser – Læringsstiler – Læringsstrategier.
Oslo: PEDLEX Norsk Skoleinformasjon

Bunting og Knudsen (2011):
Blanke ark – en ny sjanse.
Kristiansand: Høyskoleforlaget

Dysthe og Hoel (2010):
Skrive for å lære. Skriving i høyere utdanning.
Oslo: Abstrakt forlag

Hoel (2008):
Skriving ved universitet og høgskolar.
Oslo: Universitetsforlaget

Holm og Løkken (2007):
Zeppelin 6. Språkbok.
Oslo: H.Asccheoug & Co

Lorentzen og Smidt (2008) (red.):
Å skrive i alle fag.
Oslo: Universitetsforlaget

Santa og Engen (1996):
Lære å lære.
Stavanger: Stiftelsen dysleksiforskning

Skjøsberg (2006):
Underveis. Historie 8.
Oslo: Gyldendal Norsk Forlag

Smidt (2010) (red.):
Skriving i alle fag – innsyn og utspill.
Trondheim: Tapir.

Wold (2010):
Idébok for skapende skriving.
Norsk kulturskoleråd.

Artiklar:

Andreassen og Strømsø (2009):
«Lesestrategier i undervisningen» i *Bedre skole* 2-2009. Fagpressen.

Bunting (2006):
«Læringsstrategier på ungdomstrinnet» i Helgevold og Engen (red.) *Fagbok i bruk – Grunnleggende ferdigheter.* Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning, Universitetet i Stavanger.

Helgevold (red) (2006):
«Å være i boka» i *Bok i bruk på femte til sjuende trinn.* Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning, Universitetet i Stavanger

Hertzberg (2006): «Skrivekompetanse på tvers av fag». I Elstad og Turmo (red): *Læringsstrategier: søkelys på lærernes praksis.* Universitetsforlaget, Oslo.

Skjelbred og Aamotsbakken (2008): «Lesing av fagtekster som grunnleggende ferdighet i fagene» i *Bedre skole* 4-2008. Fagpressen

Teigen (2009):
«Leseopplæring på ungdomstrinnet – alle faglæreres ansvar!» i *Bedre skole* 3-2009. Fagpressen

Nettstader:

«Bisonblikk» på www.skolenettet.no (<http://skolenettet.no/Web/Veiledninger/Templates/Pages/Chapter.aspx?id=69194&epslanguage=NO>)
Lasta ned 10.03.11

«Leseopplæring» på www.lesesenteret.no (<http://lesesenteret.uis.no/leseopplaering/>)
Lasta ned 10.03.11

«Writing to Read: Evidence for how Writing can Improve Reading» (<http://www.nwp.org/cs/public/print/resource/3150>)
Lasta ned 09.10.11

«Blanke ark» (sesong 1, sendt hausten 2009) på <http://webtv.tvnorge.no> (<http://webtv.tvnorge.no/main.aspx?level=blankeark>)
Ein del av tipsa er henta frå kurs som blei gjennomførte i samband med denne TV-serien.

Skrivesenteret ønsker å takke Ragnhild Gunleiksrud Ystgård, lærar ved Vikhammer ungdomsskole, for tips og gode idear.

